



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4792 - 14/16282

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
02.07.2014

## Løyve til riving av garasje og pumpehus, samt planering av terreng - gbnr 140/14 Erstad

**Tiltakshavar:** Anne Merete og Bjørnar Solbakken  
**Ansvarleg søkjar:** Arkitekt Mette Kyed Thorson  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

Saka gjeld riving av eksisterande garasje og pumpehus med bruksareal (BRA) opplyst til å vere under 70 m<sup>2</sup>. Søknaden omfattar også planering av terreng nord for einebustad, areal ca. 270 m<sup>2</sup>. Det vert elles vist til søknad motteke 13.06.2014.

### Sakshandsamingsfrist

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 13.06.2014.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.06.2014 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF med spreidd bebyggelse, omsyn landbruk.

### Nabovarsel

Eigarar av gnr 140, bnr. 19, 23, 24 36 og 53 er ikkje nabovarsla. Lindås kommune finn at deira interesser ikkje vert råka av tiltaket, og gjev fritak for varsling med heimel i pbl § 21-3 2.ledd.

Det er ingen merknader frå dei naboane som er varsla.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



## Plassering

Område for planering av terreng vist i situasjonsplan datert 23.03.2013.

## Avfallsplan

Det er krav til kartlegging av bygningsdeler, installasjonar eller liknande som kan utgjere farleg avfall etter TEK § 9-7.

## **VURDERING:**

### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **arkitekt Mette Kyed Thorson** org.nr. 987788682, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for SØK.

Føretaket **Svein Litleskare Maskinstasjon AS** org.nr. 998121663 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) riving av garasje og planering av terreng**.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Svein Litleskare Maskinstasjon AS** org.nr. 998121663 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF ) riving av garasje og planering av terreng** .

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

## VEDTAK:

**Med heimel i Plan- og bygningslova §20-1 vert det gjeve løyve til riving av eksisterande garasje og pumpehus samt planering av tomt nord for einebustad.**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.06.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Det er krav om kartlegging av avfall etter TEK 10 § 9-7.

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK), 23-5 (PRO) OG 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:**

Føretak	L/S*	Funksjon/tiltaksklasse/ansvarsområde	Org. nummer
Arkitekt Mette Kyed Thorson	L	Ansvarleg søkjar	987788682
Svein Litleskare Maskinstasjon AS	L	PRO, T1, riving av garasje og planering av terreng	998121663
Svein Litleskare Maskinstasjon AS	S	UTF, T1, riving av garasje og planering av terreng	998121663

**S\* = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning**

**Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.**

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4792.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Søknadspliktige tiltak §20-1	Gebyr
10.2.6 Riving av andre bygningar; enkeltstående garasje	Kr. 3.700,-
10.3.3 b) Godkjenning av ansvarsrett Kr. 2.500,- pr. føretak som har ikkje har sentral godkjenning x2	Kr. 5.000,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 8.700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Bjørnar Solbakken

Erstadvegen 130 5911

ALVERSUND